



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1747 - 14/6516

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
21.03.2014

## Oversending av vedtak til endeleg handsaming/Klage på vedtak om avvising av gebyr - gbnr 196/155 Leiknes

### Saka gjeldt:

Det vart sendt inn søknad om planering av tomt og oppføring av støttemurar motteken her 09.08.2013. Lindås kommune gav avslag på søknad om ansvarsrettar i vedtak datert 12.09.2013. Vedtaket vart påklaga i skriv motteke 01.10.2013. På bakgrunn av innhald i klagen m.m. vart det gjeve løyve til omsøkte tiltak i vedtak datert 06.12.2013. I løyvet vart det gjeve samla gebyr på kr. 19.000 som skildra under:

C.5.2.p Terrenginngrep 9.600

C. 5.2.n Støttemur over 3,0 m høgd 7.000

C.5.3.1 Lokal godkjenning ansvarsrett 2.400

**Totalt gebyr å betala 19.000**

Lindås kommune mottok klage på gebyr i e-post den 16.12.2013. Klagen gjaldt gebyr for handsaming av søknad om planering av tomt og oppføring av støttemurar.

Lindås kommune handsama klagen, og det vart fatta vedtak om å avvise klagen i vedtak datert 17.01.2014.

Vedtaket vart påklaga av tiltakshavar i e-post motteken 22.01.2014. I e-posten vart det bedt om dokumentasjon for berekningsgrunnlaget.

Lindås kommune gav svar på dette i brev datert 10.02.2014, der ein og bad om tilbakemelding på om klagen vart oppretthalde.

I brev frå tiltakshavar motteke 18.02.2014 vart det stadfesta at klagen vart oppretthalde.

Vurdering:

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dei momenta som går fram av klage motteke 18.02.2014 er i all hovudsak knytta opp mot dei same forholda som tidlegare er lagt fram i klage på gebyr. Lindås kommune kan ikkje sjå at det ligg føre feil ved gebyret i denne saka, og gebyret fastsatt på bakgrunn av det omsøkte tiltak, og er ikkje basert på skjønsmessige vurderingar.

Lindås kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka. Vedtak om avvising av klagen vert oppretthaldt. Klagen vert oversendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Opprettheld klage på gebyr - GBNR 196/155 Midtgård - planering av byggetomt

Klage på avvising av gebyr

Brev datert 10.02.14

Avvising av klage dat. 17.01.2014

Klage på gebyr

Løyve til planering av bustadtomt datert 06.12.2013

**Kopi til:**

Tom Solemdal

Gaupåsvegen 251 5265

YTRE ARNA

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN